
Fra: Ragna Midtbø
Sendt: 2. mai 2016 14:17
Til: Aashild Halland
Emne: Ressurstildeling til undervisning 2016-17 inkludert tidleg innsats

Til rektor ved Lindås barneskule

Grunntildeling:

Eg viser til e-post med vedlegg av 17.3.16, korrigert 06.04.16, om ressurstildelinga 2016-17. Skulen fekk der tildelt **23,0** lærarårsverk til undervisninga.

Tildeling til tidleg innsats

I statsbudsjettet er det bevilga tilskotsmidlar til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.-4 trinn.

Ein del av midlane går til å vidareføra eit forskningsprosjekt som heiter LÆREEFFEKT for å få meir informasjon om effekten av auka bruk av lærarressursar.

Lindås barneskule får tildelt **0,8 lærarårsverk** av ekstramidlane til tidleg innsats. Timane skal brukast i 1.-4 klasse på elevar som har svakt læringsutbytte og progresjon. Timane skal brukast til varig styrking av lærartettleiken på 1.-4- trinn. Dei kan brukast til dagleg i økter, i periodar, eller som kurs, avhengig av læringsutbyttet til den enkelte eleven i gruppene.

Kommunen må rapportera på bruken av desse midlane, og vi vil ikkje få tildelt midlar dei neste åra om ikkje midlane er brukte i tråd med formålet. Rapporteringa vil ikkje skje før etter innlevering av GSI eller tidleg i 2017.

Eg kjem til å bed om tilbakemelding om korleis de organiserer bruken av desse timane frå hausten av.

Eingongstildeling:

Lindås kommune har også fått del av ei eingongstildeling til tidleg innsats. **Desse midlane skal brukast innan utgangen av 2016 og vil ikkje bli vidareført.** Dei kan brukast til «økt lærerinnsats på 1.-4. trinn eller andre midlertidige tiltak som bidrar til økte personalressurser i opplæringen»

I Lindås er midlane fordelt til dei skulane som har dei største 1. og 2. klassane til hausten.

Desse midlane kan de begynna å bruka av i vår.

Lindås barneskule får tildelt **kr 220 692** av eingongstildelinga.

Mal for tilbakemelding om bruk av tildelte ressursar vert sendt ut i slutten av mai.

Lukke til med planlegginga av 2016-17.

Med helsing

Ragna Midtbø
Einingsleiar for grunnskule



LINDÅS KOMMUNE

Tlf: 56 37 52 49 / 47 86 44 20

ragna.midtbo@lindas.kommune.no